



KNUT FARESTVEIT RØR & SVEIS  
modalen 1041  
5729 MODALEN

Referanser:

Dykkar: Ref.: - Skjemanr.:  
Vår: 22/1098 - 22/9548

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

23.11.2022

## Melding om delegert vedtak - utsleppsløyve - brakkerigg - gbnr 52/23

Viser til søknad motteke 18.11.22

**Administrativt vedtak. Saknr: 128/2022**

**Tiltakshavar: Mesta AS**

**Ansvarleg søkjar: Knut Farestveit Rør og Sveis**

**Søknadstype: Søknad om løyve til utslepp**

### VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta §12 og lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Masfjorden kommune, og godkjenner søknad om utslepp av avløpsvatn frå reinseanlegg på gbnr. 52/23 på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad.
2. Tiltakshavar må sjølv inngå nødvendig avtale med grunneigar ang. plassering av reinseanlegg og leidningar til og frå dette.
3. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk

**Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta §12 og lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsanlegg for Masfjorden kommune**

**Heimel: Forureiningsforskrifta §12 og lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsanlegg for Masfjorden kommune**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAROMRÅDE
<b>SØK</b>	Knut Faresveit Rør og Sveis	967865249	S	1	Søker
<b>PRO</b>	Knut Faresveit Rør og Sveis	967865249	S	1	Prosjektering av rørleggerarbeid
<b>UTF</b>	Knut Faresveit Rør og Sveis	967865249	S	1	Rørleggerarbeid

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar.

Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.1 a)	Utsleppsløyve til ferskvatn/sjø <50 PE	1	4.100,-
	Totalt gebyr å betala		4.100,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## SAKSUTGREIING:

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av reinseanlegg for midlertidig brakkerigg, som blir oppført i forbindelse med anleggstilltak utført av Eviny fornybar, slik vi forstår det.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er vurdert at det ikkje er behov for dette.

### Fakta

Søknad gjeld utsleppstillatelse frå minireanseanlegg tilknytt midlertidig brakkerigg på gbnr. 52/23 Det er prosjektert eit anlegg frå Klaro med kapasitet på inntil 50 PE. Det er gjort vedlikehaldsavtale med leverandør på anlegget. Anlegget har tilfredsstillande reinsegrad i forhold til krav i lokal forskrift, slik det er dokumentert i søknad.

### Kopi til:

Mesta As Trondheim

Postboks 253

1326

Lysaker

### Konklusjon

Søknad om utsleppsløyve på gbnr. 52/23 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mesta As Trondheim

Postboks 253

1326

Lysaker

**Mottakarar:**

KNUT FARESTVEIT RØR &amp; SVEIS

modalen 1041

5729

MODALEN